

Samandrag Grønlendingsoga / Soga om Grønlandingane / Grønlandingenes saga / Grønlandinga saga / Grænlandinga saga

1. Eirik Raude fer med far sin frå Jæren til Hornstrandir på Nordvest-Island, så til Hvammsfjörður på Vest-Island. Kjem i konflikt med naboane, flytter til nokre øyar yst i fjorden. Ny konflikt, blir dømd fredlaus i tre år.
2. Eirik utforskar Grønland, som folk frå før berre visste om.
3. Eirik kjem att til Island, får med seg mykje folk og slår seg ned på Grønland. Kap 0-1.]
4. [*Fyrst her begynner handskriftet; fyrste del av saga er tapt. Det er vanleg å setja det ovanfor inn frå Landnámabok.*] Bjarne Herjolvsson rek av på veg til Grønland og oppdagar tre nye land, men går ikkje i land. Bjarne fer til Noreg og blir hirdmann hos Eirik Jarl. Folk tykkjer han burde undersøkt dei nye landa. Bjarne kjem att til Grønland. Kap 1-2.
5. Leiv Eiriksson kjøper skipet av Bjarne for å utforske dei nye landa. Han får med Eirik Raude som leiar, men Eirik trekker seg på avreisedagen etter eit fall han tolkar som ulukkesvarsel. Kap 2.
6. Ekspedisjonen fer med Leiv som leiar og finn dei tre landa i omvend rekkefølge, fyrst Helluland 'hellelandet', så Markland 'skoglandet'. I det tredje landet bygger dei hus; der er det mildt og rikt fiske. Tyskaren Tyrke, som er fosterfar til Leiv, finn ville vindruer. Derfor kallar Leiv det Vinland. Dei lastar skipet med vindruer og trelast (vinstokkar!) og seglar heim til Grønland. På vegen bergar dei skipbrotne frå eit skjer. Leiaren heiter Tore og er gift med Gudrid, men han dør av sjukdom om vinteren. Kap 1-3.
7. Torvald Eiriksson låner skipet av Leiv og fer til Leivsbuene i Vinland. Neste sommar seglar dei rundt og utforskar landet. Dei finn og drep nokre indianarar, men det kjem mange fleire, og det blir kamp. Grønlandingane vinn, men Torvald blir drepen og gravlagd der, under kross. Her blir det nemnt at Grønland var vorte kristna på denne tida. Etter ein vinter til i Leivsbuene, lastar dei skipet med druer og trelast (vinstokkar!) og seglar til Grønland. Kap 4.
8. I mellomtida har Torstein Eiriksson gift seg med Gudrid. Han låner skipet av Leiv og legg ut mot Vinland, men rek ikring på havet heile sommaren og hamnar seinhaustes i Vestbygda på Grønland. Om vinteren er han og Gudrid hos Torstein Svarte, som er heidning. Mange dør av sjukdom, også Torsteinn Eiriksson. Gudrid fer då til Leiv Eiriksson i Austbygda [Eirik Raude er død]. Kap 5.
9. Torfinn Karsemne (Karlsevne) kjem til Grønland frå Noreg og gifter seg med Gudrid. Han får låne Leivsbuene av Leiv og seglar dit, med buskap, no vil dei busetja seg i Vinland. Fyrste vinteren går veldig bra, og om sommaren handlar dei med indianarane. Andre sommaren blir det strid med indianarane, og tredje sommaren reiser dei heim med druer, trelast og pelsverk. Kap. 6.
10. Frå Noreg kjem dei islandske brørne Helge og Finnbøge. Frøydis Eiriksdotter låner Leivsbuene og får brørne med på Vinlands-ferd med sitt skip i tillegg til hennar, men ho er eit troll og lurar dei. Ho har med fleire våpenføre menn enn brørne, og får dei og heile flokken deira drepne. Frøydis og dei seglar heim med begge skipa godt lasta. Men nidingsverket blir kjent, og folk vender dei som var med ryggen, endå om Leiv ikkje vil straffe syster si. Kap. 7-8.
11. Karsemne seglar til Noreg med rik last, gjer god handel. Kap. 8.
12. Karsemne og Gudrid til Island, slår seg ned i Skagafjörður på Nord-Island. Gudrid fer på pilgrimsferd til Roma, sonen bygger kyrkje, og Gudrid blir nonne. Frå [Gudrid og] Karsemne stammar fleire biskopar. Kap 8.

Eldar Heide, 26.4. 2017

Bruk gjerne dette samandraget, men oppgje kjelde: <http://eldar-heide.net/>